Arild Aase

Aase 35

5916 Isdalstø

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41

5914 ISDALSTØ 17.12.2019

**KRAV OM DIALOG,GJENNINNPLANTING AV BØKETRE OG ERSTATNING FOR INNGREP I BØKESKOG ALLEE LANGS AASE VEGEN I LINDÅS.**

Eg vil med dette klage på at Lindås kommune etter to år ikkje har fått på plass takstmann og fått tasksert inngrepet i bøkealleen ved Aase vegen. Arbeidet som då vart utført var mot grunneigars vilje og det er fjerna store bøketrer frå mellom 1,5 til ca 8 meter utanfor vegskuldra. Underteikna frarådde kommunens prosjektansvarlig om å røre trea, etter at underteikna ein dag oppdaga at dei var spraya med oransje farge. Det vart ikkje tatt kontakt med grunneigar på førehand om kva som skulle skje. Underteikna oppsøkte kommunen og dei sa dette var bestemt i ein rapport fra 2012. Underteikna var sterkt uenig og meinte at dersom det var greiner som hang utover vegen som var til fare, då burde ein utføre trepleie i staden for total fjerning av dei 120 år gamle bøketrea. Vi kan ikkje sjå at det har vore problem med trea, tvert imot. Greinene hang langt opp og var ikkje til hinder for trafikk. Trea er planta av oldefaren min rundt 1900 talet og har halde bakken åpen i over hundre år. I dag er det berre eit åpent sår i skogs kanten der det også kan være fare for at andre tre bles ned, når ein no har tatt kant trea. Det er også meir sannsynleg at stein frå fjellsida havner i vegen og ikkje vert stogga av bøketrea no.

Det var eit trist syn som møtte underteikna og andre bebuarar på Aase den dagen store deler av bøkealeen var fjerna. Det har komme mange kommentarer frå personer at dette er reine hærverket. noko som eg sjølv er enig i.

Underteikna var rysta over måten situasjonen vart behandla. I tillegg til å være ein flott bøkeallee langs vegen oppover til øvre Aase, så har trea alltid vore ei sikkerhet for stein som rasar ned. Dette vart påpeikt etter at dei var merkte og før dei vart hogde. Det har aldri vore noko problem med bøketrea langs vegen. Det har vore eit par tre som har blåse ned på andre stader, men ikkje bøketrer som eg underteikna kan hugse på denne staden.

No står restane av alleen der med åpne sår oppover vegen.

- Det veks opp mykje anna små lauvskog inni skogbunnen no når det kjem meir lys. Dette gjer at det på vår og sommar ikkje lenger kan sjå oppover i skogenbunnen på grunn av anna lauvtre som gror til.
- Det vart satt igjen 1 meter lange stubbar av trea for å fortsatt sikre for stein ras, vart eg fortald. Desse rotnar og vil snart ikkje lenger være sikring. Dette vart varsla de ansvarlige i kommunen etter fjerning av trea.

- Trea har alltid halde bakken tør med sitt store forbruk av vatn. No er det ingen opptak av vatnet som kjem nedover bakken og underteikan fryktar, gråsteinsmuren oppover vil ta skade av dette og at bakken kan sige ut.

Etter mine erfaringer med kommunen tenkte eg at det kom til å ta tid før taksering og gjenninnplanting vart gjort, men at eg ikkje har hørt noko etter to år er skammeleg.

For oss som bur på Aase er eigedomane våre viktige og me er opptatt av at det ser flott ut rundt oss. I arbeidet som vart utført vart det også dumpa stein og jord på andre sida av vegen. I eit tilfelle vart steingarden mellom underteikna og nabo nedgraven av jord og stein masser. Dette gav underteikna beskjed om og massane vart deretter flytta.

Hadde det vore dialog mellom grunneigarar og kommunen i forkant, hadde saka hatt eit anna utfall. Hærverket kommunen her har utført på bøkealleen og på annen manns grunn, er hverken til det beste for tryggleiken eller miljømessig riktig utført. Meiner også at informasjon og oppfølginga av arbeidet var dårlig frå kommunen si side. Alt var overlatt til entreprenøren etter mi oppfatting og underteikna brukte mykje tid på det som føles som eit arrogant overgrep av annen manns grunn.

Underteikna krev dialog, gjennomgang med takstmann, gjenninplanting av bøketre av samme art som lova og erstatning ihht takst.

Ved gjennomføring av spyling av fjell lenger opp i dalen i samme tid, vart det tetta mange av låkaveitene som er murt opp under vegen. Dette var noko kommunen og entreprenøren ikkje viste om eksisterte og kommunen hadde ingen oversikt. Så det resulterte i at store jord og vatnmassar tetta dei store låkaveitene. Vidare rant alt vatn og jord nedover vegen til siste låkaveit for vatnet, der det renn inn i grøftesystemet på slåtteenga utanfor driftsbygget hjå grunneigar. Dette har mest sannnsynleg påført grøftene mykje jord og sand og det er allerede tendenser til meir blaute på nedre del av slåtte eng ved driftsbygg. Dette er forhold som eg vil ha dialog med ansvarlige i kommunen om, slik at det ikkje vert diskusjoner om ansvar dersom det viser seg at grøftene er tette neste år.

Krev at kommunen ordner opp og gjev tilbakemelding snarast.

Med helsing

Arild Aase

Arild Aase

Grunneigar

Kopi:

Landbrukskontoret i Lindås,

Fylkesmannen i Vestland

Ordfører Lindås kommune